



Stordabu Svein Inge er fornøgd med elva og fangsten

Det gode fisket i Uskedalselva som opna denne sesongen har halde fram, med god stimulans av nedbøren i det siste.

Ein av dei som er godt fornøgd med fangsten er Svein Inge Midttun frå Sagvåg på Stord.

Han har no feriert ei god veke i campingvogna si på Rabben og fanga 3 laksar.

- Eg har fanga røykjelaksen min for i år, seier han og siktar til ein villaks på 5 kilo som han fekk i Haugland-området- Ein oppdrettslaks på 5,3 kilo som han fekk like ovanfor brua i sentrum er ikkje god nok til å bli røykt.

Svein Inge viser også til at villaksen er langt sprekare enn oppdrettslaksen. Han fekk opp den 'ville' på eit kvarter medan den andre ga opp etter 10 inuttar. Stordabuen har i tillegg fått ein kiloslaks.

Han har fiska i elva her rundt 15 år, og no har han ei oppmoding til elveeigarlaget: No er det på høg tid med ei opprydding langs breddene og då ikkje minst ovanfor brua der det held på å veksa att. Der er det fine fiskeplassar som fortentar å bli nytta.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen